



Vedtekter for Hageselskapets lokallag

Vedteke av landsmøtet 23.10.2021

§ 1 NAMN OG FORMÅL

- 1.1 Lokallaga er organisasjonsledd i Det norske hageselskap (Hageselskapet) og arbeider i samsvar med organisasjonsvisjonen, vedtekter og strategiske føringar. Lokallaga er samanslutta i Hageselskapets regionar i dei geografiske områda regionane dekkjer. Laget er ei eiga juridisk og økonomisk eining registrert i Frivillighetsregisteret.
- 1.2 Hageselskapet er ein landsomfattande, frittstående og ideell kultur- og miljøorganisasjon som er open for alle.
- 1.3 Hageselskapets formål er å fremje hageglede og formidle kunnskap om berekraftig hagekultur, naturmangfald og den positive helseeffekten til grønne omgivnader.
- 1.4 Årsmøtet i laget kan vedta endring av laget sitt namn. Endringa skal registrerast i Frivillighetsregisteret og meldast til regionstyret og Hageselskapets administrasjon.

§ 2 ARBEIDSOMRÅDE

- 2.1 Bidra til å gjennomføre Hageselskapets formål og strategiske føringar.
- 2.2 Gje medlemmane inspirasjon og kunnskap om aktuelle tema gjennom foredrag, kurs, hagevandringar og liknande.
- 2.3 Profilera, marknadsføre og byggje eit positivt omdømme for Hageselskapet i nærmiljøet.
- 2.4 Medverka til at Hageselskapets profilprogram blir følgt.
- 2.5 Samarbeide med lokale styresmakter, aktuelle organisasjonar, institusjonar og andre lag for å fremje Hageselskapets formål.
- 2.6 Verva medlemmar.
- 2.7 Følgja opp pålagd rapportering innan gitte fristar (jf. § 6).

§ 3 MEDLEMSKAP

- 3.1 Medlemmar er alle som ifølgje Hageselskapets medlemsregister er registrert med ein medlemskap i laget. Tillitsvalde i laget må vere medlemmar og plikter å følgje Hageselskapets personvernreglar.
- 3.2 Medlemmar som har gjort ein særers framifrå innsats for hagesaka og organisasjonen kan utnemnast til æresmedlemmar i laget. Æresmedlemmar blir utnemnt av styret i laget.

§ 4 ÅRSMØTET

- 4.1 Laget i styret er ansvarleg for å halde årsmøte.
- 4.2 Årsmøtet er den høgaste styresmakta til laget og skal haldast kvart år.
- 4.3 Årsmøtet består av frammøtte medlemmar i laget (jf. § 3).
- 4.4 Årsmøtet blir kunngjort og innkalling blir sendt til medlemmane i laget minst seks veker før det skal haldast. Sakliste, saksdokument og forslaget frå valkomiteen skal sendast ut minst 14 dagar før møtet.
- 4.5 Saker som ein medlem vil ha behandla på årsmøtet, må sendast styret minst ein månad før årsmøtet blir halde. Styret behandlar alle innkomne forslag og legg desse fram på årsmøtet med forslag til vedtak.



4.6 Årsmøtet skal:

4.6.1 Velja, etter forslag frå styret, møteleiar og to medlemmar til å underskrive protokollen (jf. § 7.8).

4.6.2 Behandla årsrapporten frå styret.

4.6.3 Behandla laget sin reviderte årsrekneskap.

4.6.4 Behandla forslaget styret har til arbeidsplan og budsjett for kommande år.

4.6.5 Velja:

- a) Leiar for eit år (jf. § 7.2).
- b) Minst to styremedlemmar for to år. Inntil to varamedlemmar for eit eller to år kan veljast ved behov (jf. § 7.1).
- c) Valkomite på minst to medlemmar (jf. § 8.1).
- d) Ein revisor.
- e) To delegatar til regionårsmøtet, eller gje styret mandat til å utnemne desse (jf. § 7.9 og regionvedtektene § 4.2.b).

Årsmøtet vel først leiar for eit år, deretter styremedlemmar for to år. Varamedlemmar kan veljast for eit eller to år. Ein må streva etter at ikkje alle er på val same år. Vala skal vere skriftlege om det finst fleire forslag til same verv, eller når ein medlem krev det. Ved likt røystetal skal ein trekkje lodd.

4.6.6 Behandla andre saker ifølgje saklista.

4.7 Styret har ikkje røysterett under §§ 4.6.2, 4.6.3 og 4.6.5.d.

4.8 Årsmøtet er vedtaksført når det er innkalla etter vedtektene. Når ikkje anna er nemnt i vedtektene, blir saker avgjorde ved alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal avgjer stemma til leiaren, bortsett frå ved val. Ingen kan gje frå seg meir enn ei røyst eller røyste ved fullmakt.

§ 5 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

5.1 Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret finn det nødvendig, eller når ein tredel av medlemmane krev det. Møtet må haldast seinast to månadar etter at eit krav er sett fram. Innkalling, sakliste og saksdokument skal sendast ut minst 14 dagar før møtet.

5.2 Om laget ikkje er i stand til å halde oppe drifta i samsvar med vedtektene, kan regionstyret innkalle til ekstraordinært årsmøte i laget (jf. regionvedtektene § 7.10).

§ 6 RAPPORTERING

6.1 Følgjande rapportar blir sende til regionstyret seinast ein månad etter halde årsmøte:

- a) Årsrapporten frå styret underteikna av styret.
- b) Revidert årsrekneskap underteikna av kasserar og revisor.
- c) Protokoll frå årsmøtet underteikna av møteleiar og to valde medlemmar (jf. § 4.6.1).
- d) Oversikt over samansettinga av det nye styret.

§ 7 STYRET

7.1 Styret består av leiar og minst to styremedlemmar. Inntil to varamedlemmar kan veljast ved behov.

7.2 Styret konstituerer seg sjølv, med unntak av leiar, som blir vald av årsmøtet (jf. § 4.6.5.a).

7.3 Administrative oppgaver kan leggjast utanfor styret.



- 7.4 Styret leier arbeidet og forvaltar midla til laget i samsvar med vedtektene, Hageselskapets strategiske føringar, arbeidsplan, budsjett og andre vedtak gjort av årsmøtet i laget, årsmøtet i regionen og Hageselskapets landsmøte.
- 7.5 Vedtak i styret blir gjort ved alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal avgjer stemma til leiaren. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av styremedlemmane har stemt.
- 7.6 Det skal først referat frå alle styremøte. Aktuell informasjon skal vidareformidlast til medlemmane.
- 7.7 Styret plikter å behandle saker som medlemmane i laget har sendt inn.
- 7.8 Styret foreslår møteleiar og to medlemmar til å underskrive protokollen på årsmøtet.
- 7.9 Styret foreslår to delegatar (fortrinnsvis leiaren i lokallaget pluss ein vald delegat) til regionårsmøtet, eller ber om mandat frå årsmøtet til å utnemne desse (jf. § 4.6.5.e og regionvedtektene § 4.2 b).

§ 8 VALKOMITEEN

- 8.1 Valkomiteen består av minst to medlemmar.
- 8.2 Valkomiteen legg fram for årsmøtet forslag på leiar, styremedlemmar, eventuelle varamedlemmar, medlemmane i valkomiteen og revisor.
- 8.3 Forslaget må sendast til styret i laget minst tre veker før årsmøtet.
- 8.4 Valkomiteen skal søkje å setje saman eit formålstenleg styre til beste for organisasjonen og arbeidet i laget.

§ 9 ENDRINGAR I VEDTEKTENE

- 9.1 Desse vedtektene kan berre endrast av landsmøtet i Hageselskapet (jf. Hageselskapets vedtekter § 10).

§ 10 SAMANSLÅING/OPPLØYSING

- 10.1 Forslag til samanslåing med andre lag, eller oppløysing av laget, blir lagt fram av styret og medlemmane blir varsla skriftleg minst tre månadar før årsmøtet.
- 10.2 Forslag må behandlast av årsmøta i dei laga det vedkjem og vedtakast med minst 2/3 fleirtal.
- 10.3 Ved samanslåing blir midla laga hadde overdratt til det samanslåtte laget.
- 10.4 Om årsmøtet til eit lag vedtek å dele laget, og medlemmane blir overførte til to eller fleire andre lag, blir midla fordelte etter talet på medlemmar til dei respektive laga.
- 10.5 Lag som i meir enn tre år ikkje har hatt aktivitet ifølgje vedtektene, kan oppløysast av regionstyret.
- 10.6 Ved oppløysing av laget blir midla laget har overdratt til regionstyret for forvaring i minst tre år. Blir det i treårsperioden danna eit nytt lokallag innanfor same område, kan regionstyret avgjere å overdra midla til det nye laget. Etter tre år går ubrukte middel til regionen, øyremerkte utvikling av aktivitet i regionen.